

LANDSKAPSVERN- OMRÅDE

HYDALEN

FAKTA

Hydalen landskapsvernområde i Hemsedal kommune vart oppretta 24. februar 1989. Området er verna etter naturvernlova og utgjer 34.516 daa. Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit aust-norsk stølsdalføre med eit stor slått naturlandskap, som har ein spesielt fin veksling i topografi og planteliv, og å ta vare på eit karakteristisk kulturlandskap. Dalbotnen ligg på ca. 900 m.o.h., innramma av bratte fjell som i nord går opp i nærare 1800 m.o.h. Elva Lysebottåne renn gjennom dalen mot aust, og dei to vatna nordre og søre Hydalsvatnet pregar dalbotnen. Det er tre stølslag i Hydalen der det i gamal tid var omfattande stølsdrift. I dag er ingen stølar i bruk.

PLANTE- OG DYRELIV

Vegetasjonen i dalbotnen er prega av beite og slått. Mest påverka er dei gamle stølsvollane. I sør finns turrenger med innslag av kalkkrevande artar som fjellfrøstjerne, fjellbakkestjerne og fjellsmelle. I nord er terrenge kalkfattige og einer er vanleg i buskskjiktet. Det finns også kalkfattige fuktenger som er dominerte av sølvbunke. Plantene seterfrytle, fjellmarinøkkel, setermjølke og setersoleie er nokon av artane som finns i dalen. Fjellbjørkeskogen går høgt her, opp i 1150 m.o.h. Bratte fjellsider gjer Hydalen til ein egna levestad for fjellvåk og tårnfalk. Den frodige bjørkeskogen med gamle tre gjev ein tett bestand av spurvefugl og småpattedyr. Her kan det også vera mykje rype vinterstid. Rundt vassdraga held andefugl og vadefugl til. Laksand, krikkan, strandsnipe, rødstilk og trane er nok så regelmessige hekkfuglar. Hydalen har fast innslag av elg, og større rovdyr som gaupe og jerv vitjar området.

GEOLOGI OG LANDSKAP

Bergartane i området er hovudsakeleg kaledonske, og dermed eldre enn 400 millionar år. Dei høge fjella som omkransar Hydalen er restar av det kaledonske skyvedekket, som me også finn i Hallingskarvet og Reineskarvet. Desse er hovudsakeleg samansette av granittar.

Elles er det innslag av fyllitt, som er ein sedimentær bergart. Fyllitten er opprinneleg leire avsett i sjøvatn, som er omlaga under stort trykk og høg temperatur. Dette fortel oss at det ein gong var havbotn i dette området. Isen har også sett sine spor i landskapet og lagt att morenar og grusryggar i dalbotnen. Seinare har elva gravd i desse avsetningane.

KULTURHISTORIE

Hydalen har frå gamalt vorte rekna som eit av dei beste stølsområdene i Hemsedal. Her var om lag 13 stølar med mykje buskap, og store inngjerda stølsvollar som vart slått. Det vart hausta fyrsteklasses fjellhøy som vart brukt til vinterfôr. For å få til tidlegare og betre beite, har ein del av dei beste stølsvollane vorte gjødsla kvart år. I tillegg til stølsvollene vart det slått sju utslåtter kvart år. Dei mange minna i Hydalen frå den omfattande stølsdrifta i gamal tid har gjort dalen verneverdig. Det er framleis beitedyr i Hydalen som tek vare på det kulturpåverka særpreget.

Kulturlandskapet i Hydalen, med dei mange stølane, slåtevollane og løene, speglar den viktige rolla husdyrhalde har hatt i Hemsedal. Når dei fyste husdyra vart sleppte på beite i Hydalen er uvisst, men kan hende vitja bønder dalen allereie i steinalderen. Ved Vavatn har i alle fall folk i steinbrukande tid sete seg ned og slege til reiskap i jakta – fine kvartsittavslag ligg att etter dei i auren ved stranda.

Dei mange fangstgravene, bogastella og ledegjerda i fjella omkring dalen viser i alle høve til eit særst godt jaktterreng for rein. I Hallingdal finst det fangstgravar som blei bygde for femten hundre år sia, andre stader går dei attende til bronsealder. Nede i Hydalen er det spor etter jarnvinne – både slagklumpar og kolgropar – som kan ha vore i bruk allereie frå før vikingtida og inn i mellomalderen. Det er soleis ikkje utenkjeleg at den gamle stølsbusetjinga har røter som er meir enn tusen år gamle. Det same gjeld ferdselsvegen, som ikkje berre blei nytta som stølsveg frå gardane i bygda, men også var ein av bindelenkjene mellom Valdres og Hallingdal.

BRUK

I Hydalen kan du oppleve beitedyr på gamle stølsvollar; eit flott naturlandskap, ein rik og variert flora, fine turar i høgjellet og fiske i fjellvatna.

Utdrag frå vernereglane:

Vernereglane er ikkje til hinder for at landbruksverksemd kan føregå som tidlegare. Alle inngrep som vesentleg kan endre landskapet sin art eller karakter er forbode.

Du kan:


- Ferdast fritt til fots og på ski.
- Sanke bær og matsopp.
- Brenne bål i perioden 15. september – 15. april.
- Jakte og fiske i høve til gjeldande reglar.

ENGLISH ABSTRACT

Hydalen landscape protection area is situated in Hemsedal municipality, and covers an area of 34.5 km². This landscape protection area has been established to preserve an east-Norwegian summer-pasture valley in which the diversity of landscape and flora is especially fine. In Hydalen you will find a characteristic cultural landscape with old wooden buildings and cowsheds made of stone. A great number of different species of plants and grasses grow on the pastures, and there is a great diversity of birds in the birchforest and along the rivers and lakes. In Hydalen you can see livestock in the pastures, go for hikes in the mountains, and fish in the lakes.

Local rules

- You can move freely on foot and on skis in the protected area, and berries and mushrooms may be collected for household use.
- Small campfires are allowed between 15th September and 15th April.
- Hunting and fishing is permitted in accordance with applicable laws.



INFORMASJON



Forvaltningsmyndighet:
Fylkesmannen i Buskerud
Miljøvernavdelingen
Postboks 1604
3007 Drammen, Tlf 32 26 66 00
www.fmbu.no



Oppsyn:
Statens naturoppsyn
3630 Rødberg
Tlf. 32 74 46 85
www.dirnat.no